



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: 16/18760-15

Vår dato: 24.07.2018

Vår ref.: 2018/4207

Arkivnr.: 510

Rogaland fylkeskommune
Postboks 130
4001 Stavanger

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Innspel til høyring om forslag til Bioøkonomistrategi for Rogaland 2018-2030

Det framlagde strategidokumentet vil bidra til ei meir berekraftig utvikling. Rogaland fylkeskommune set, i tråd med nasjonale forventningar, fokus på bioøkonomi.

Miljøutfordringane på land, i vassdrag og sjø bør kome klarare fram i den innleiande delen, og berekraftperspektivet enda klarare i måldelen. Målsettingane i dokumentet er gjennomgåande ambisiøse, det gjeld også tiltaksdelen. Her bør det gjerast ei klarare prioritering for å sette konkrete mål som fylket kan greie å nå, også innan vidareforedling og bruk av husdyrgjødseloverskot. Fylkesmannen etterlyser omtale av skogen som ressurs i bioøkonomien, og legg til grunn at dette er på plass i endeleg versjon.

Viktige verksemder og bransjemiljø på Haugalandet og i Dalane må kome betre fram. Strategiteksten bør nemne bransjar og viktige bransjemiljø i staden for einskildverksemder.

Vi viser til oversending av utkast til bioøkonomistrategi ved brev datert 18.04.2018.

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen nyttar same definisjon på bioøkonomi som Regjeringa:

*Berekraftig, effektiv og lønsam produksjon, uttak og utnytting av **fornybare biologiske ressursar til fôr, ingrediensar, helseprodukt, energi, material, kjemikaliar, papir, tekstil og andre produkt.***
(vår utheving)

Arbeidet med Bioøkonomistrategi for Rogaland er eit resultat av ei regionalpolitisk bestilling gjennom vedtatt regional planstrategi 2017-2020. Det er samstundes venta frå nasjonalt hald at det er regionalt fokus på omstilling mot ei bioøkonomisk utvikling og verdiskaping – jf. regjeringa sin bioøkonomistrategi. Det er elles tydelege føringar i globale berekraftsmål, dette kjem også fram av nyleg vedteken klimalov.

Som det går fram av høyringsdokumentet, bør Rogaland satse i ei meir berekraftig retning, m.a. for å kunne bidra i den globale utfordringa når det gjeld å redusere klimagassutsleppa. Det er også vurdert å vere eit stort næringspotensial i å satse på nye «grøne» næringar.

Fylkestinget gjorde i møte den 07.03.2017 vedtak om korleis arbeidet med strategien skulle organiserast, om prosess og arbeidsmetode. Konkrete mål med oppfølgjande tiltak er lagde til grunn.

Det har vore ei relativt omfattande involvering i arbeidet fram mot framlagt høyringsutkast, der Fylkesmannen også har vore representert på arbeidsverkstader.

Utfordringsbilete

Den innleiande delen av strategien teiknar i stor grad eit godt bilete av sterke sider og utfordringar i fylket. Rogaland har i eit halvt år-hundre vore prega av olje- og gassnæringa og industri knytt til dette. Som opplyst i strategidokumentet, har denne næringa gitt oss nyttig kunnskap om teknologi, noko som kan gi fylket eit fortrinn når det gjeld teknologioverføring til nye næringar.

Rogaland er eit viktig fylke når det gjeld landbruk og havbruk, m.a. med omfattande kraftfôrbasert husdyrhald. Vi er i særstilling det fylket som importerer mest fôr til husdyr og oppdrettsfisk. Å utvikle nye kjelder til slikt fôr står difor sentralt i ei satsing på bioøkonomi. Nasjonal politikk er tydeleg på at matproduksjonen i det norske landbruket og havbruket skal auke. Skal dette vere eit realistisk mål som tek omsyn til den globale matvare-, ressurs-, klima- og miljøsituasjonen, må meir av norsk mat produserast med grunnlag i norske ressursar. Fôr blir då eit særleg viktig stikkord.

I tillegg til fôr og energi, vil vi halde fram fortrinn innan produksjon av ulike gjødselprodukt. Overskot av husdyrgjødsel og anna organisk materiale som slam frå hushald og akva, kan og må i stor grad nyttast til gjødsel og jordforbetring i form av nye organiske kommersielle gjødselprodukt. Om dette er i kombinasjon med energiproduksjon, er det viktig at fosfor-resten blir ivaretatt. Fosfor er i all hovudsak ein ikkje-fornybar ressurs i verda i dag og er venta å bli mangelvare når Guanogruvene går tomme. Fornybar fosforgjødsel vil difor kunne bli eit svært viktig produkt i framtida.

Vår vurdering

Fylkesmannen vil gi ros til Rogaland fylkeskommune som har teke dette initiativet, og også til klare ambisjonar om å vere eit føregangsfylke i satsinga på bioøkonomi.

Gjennom deltaking i arbeidsverkstader har vi fått godt innsyn i prosessen, samstundes som vi har fått høve til å kome med innspel undervegs. Dette har samstundes vore eit krevjande arbeid. Inntrykket vårt er at det har vore noko tilfeldig kva innspel som har kome med i endeleg utkast. Det er vanskeleg å vite kven som burde vore involverte. Kanskje har næringslivet vore noko overrepresenterte i arbeidet. Samstundes er det klart at næringslivet er den viktigaste aktøren når det gjeld å kunne nå måla i strategien. Verdiskaping må vere den drivande faktoren for omlegginga mot ei meir berekraftig utvikling.

Vi oppmodar fylkeskommunen til å få tydeleg fram kva verksemder og institusjonar som har vore med i strategiarbeidet – til dømes gjennom ei komplett liste på innsida av omslaget. I sjølve

strategien bør namn på einskildverksemdar takast bort og erstattast med bransjemiljø, klynger og liknande. Dei sterke matindustrimiljøa i Dalane og på Haugalandet bør kome betre fram.

Mål og innsatsområde

Folk legg ulik forståing i uttrykket bioøkonomi. Mange vil likevel tenkje at dette har ei klar kopling mot ei meir berekraftig samfunnsutvikling. Vi etterlyser at uttrykket berekraft kjem tydelegare fram i visjon og overordna mål, og at det gjerne også er noko meir konkret på miljøområdet i måldelen. Vi er merksame på at dokumentet ikkje kan omhandle alle utfordringar knytte til berekraftperspektivet. Vi etterlyser likevel ein noko meir konkret omtale av miljøutfordringar enn det som gjeld klimautfordringar – jf. FN sine berekraftsmål. Vi vil rå til at det blir konkretisert noko i den innleiande delen om dei regionale utfordringane når det gjeld miljøutfordringar på land, i vassdrag og sjøområde. Dette vil vere viktige berekraftsrankar for bioøkonomien. Vi vil gjerne bidra i dette arbeidet fram mot sluttproduktet.

Av dei overordna måla kan vi lese at det er relativt store ambisjonar i regionen, samstundes er berre to av måla konkretiserte og målbare i 2030. Vi har særleg merka oss ambisjonen om at fylket skal vere sjølvforsynt med minst 30 % av råstoffet til fôr for jordbruk og havbruk. Dette vil vere ei stor utfordring, særleg for havbruksnæringa, når vi samstundes har eit mål om 20 % auke i biomasseproduksjonen.

Vår vurdering er at det er valt ut tre viktige innsatsområde sett ut frå utfordringsbiletet i fylket. Vi rår til å leggje til eit mål om å lage organiske restråstoff til organiske kommersielle gjødselprodukt. Rogaland har særlege fortrinn for å gjere dette i form av etablert produksjon, overskot av husdyrgjødsel, interkommunal slamhandtering og store mengder «gjødsel» frå havbruk.

Rogaland er ikkje eit stort skogfylke i dag. Ressursane frå skogen har likevel hatt ei viktig rolle historisk sett, og skogen vil få ei viktig rolle i bioøkonomien. Vi etterlyser difor at skogen som ressurs blir omtalt under aktuelle innsatsområde. Det er mest aktuelt å omtale dette under siste punktet om lokal foredling av råvarer. Skogen kan også bli ein viktig ressurs innan fôrproduksjon. Vi rår difor til at ordlyden blir endra til «råvarer frå landbruket og havbruket». Fylkesmannen ønskjer elles å bidra til formuleringar om ressursar frå skogsektoren. Vidare er det vurderinga vår at målet om 100 % auke i veksthusproduksjon bør skrivast om, og at det bør vere mest fokus på auke for grønnsaker på friland. Kompetansen vi har frå veksthussektoren kan bli viktig i overgangen til bioøkonomien.

Prioriterte drivkrefter

Vi vil særleg framheve kunnskapsformidling som viktig for å utveksle teknologi, informasjon og forventingar, men også for å skape eigarskap og forståing for denne nye satsinga. Vi har særleg merka oss målet om at Rogaland skal tilby høgare utdanning innan bioøkonomi. Dette er svært viktig, og det er avgjerande at fag som kjemi, biokjemi og biologi vert vektlagde.

Fylkeskommunen bør vurdere om faga kjemi og biologi både kan styrkast i den vidaregåande skulen generelt, og ved å motivere elevar til å velje desse gjennom marknadsføring av framtidige arbeidsmoglegheiter innan bioøkonomien. Kunnskap og motivasjon for desse grunnfaga vil vere heilt avgjerande for utviklinga av bioøkonomien i Rogaland.

Handlingsplan og gjennomføring

Fylkesmannen kommenterer ikkje dei enkelte aktivitetane i handlingsplanen, men det er vår generelle kommentar at det er vel mange tiltak med relativt kort frist for gjennomføring. Det er særleg viktig at det kjem klart fram kven som har ansvar for å iverksette dei ulike aktivitetane/tiltaka.

Vi saknar tiltak som skal stimulere til å ta i bruk nye landlevande artar. Det kan vere nye hagebruksartar og -sortar, stadeigne planteartar som kan dyrkast til mat eller medisin og gjenopptaking av bruk av lokale artar som har vore i bruk tradisjonelt t.d. innan trevirke.

Vi støttar forslaget om å etablere eit bioråd, og vi vil gjerne delta i drøftingar om korleis dette bør organiserast.

Fylkesmannen vil, som regional mynde innan landbruk og miljøvern, gjere sitt til å vidareutvikle tett samarbeid med næringslivet, fylkeskommunen og kommunane om berekraftig produksjon basert på fornybare biologiske ressursar i industri, land- og havbruk i heile Rogaland.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Brit Jensen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80
E-post: fmroaro@fylkesmannen.no

Kopi til:
Alle kommunar i Rogaland